



Dei nye bølgebrytarane er sikkert sterke nok til å møte ein storm. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei nye bølgebrytarane er nå på plass utanfor den nye piren i båthavna og gjer eit bokstaveleg tala massivt inntrykk.

Men så er dei også både lengre, breiare og djupare enn dei gamle og stormskadde. Ettersom kvar av de fire elementa er 15 meter lange, 3,5 meter breie og halvannen meter djupe er det ikkje rart at dei ligg støtt medan dei gamle som framleis ligg ved sida duvar lett i brisen.

Ørsta Marina har stått for leveranse og montering medan støytinga er skjedd i Mo i Rana. Og prisen er 1,4 millionar kroner.